

Kvalitetsmeldinga 2022/2023

Innhold

Kvalitetsmeldinga 2022/2023	1
Innleiing	3
Opptakskvalitet	4
Rammekvalitet	7
Programkvalitet	8
Undervisningskvalitet	10
Resultatkvalitet	11
Relevanskvalitet	14
Styringskvalitet	16
6.3 Kvalitetsutvikling ved Fagskulen Vestland	20

Innleiing

Fagskulen Vestland sitt kvalitetsutviklingssystem beskriv korleis fagskulen skal arbeide med kvaliteten i utdanninga. Systemet er vedteke av styret, og kvalitetsmeldinga er fagskulen sin melding til styret om korleis vi vurderer kvaliteten og korleis vi vil arbeide for å betre kvaliteten. Grunnlaget for å seie noko om kvalitet i utdanningane hentar vi frå det årlege studiebarometeret som NOKUT gjennomfører, og eigne undersøkingar mot tilsette og arbeidsliv.

Skuleåret 2022/23 er det første heile skuleåret som Fagskulen Vestland. Førre kvalitetsmelding synte resultatane for Fagskulen Vestland, men for studentane var første semester anten ved Fagskulen i Sogn og Fjordane eller Fagskolen i Hordaland. Samanslåing av dei to fagskulane har vore både bra og krevjande på same tid. Vi dreg nytte av stordriftsfordelar, og kan tilby utdanning fleire stader med ei desentral struktur. Samtidig er fagskulen blitt ein kompleks organisasjon som har vekse fort. Når kvardagen vert meir kompleks og tilsette meir spreidd vert det meir krevjande å sikre god informasjon og kommunikasjon i organisasjonen. I ei omstilling er behovet for informasjon alltid stort, og det kan bli ein del usikkerheit i organisasjonen. Dette har også vore gjeldande for fagskulen, ikkje minst fordi fylkeskommunen samtidig med vår fusjon har innført fleire nye system som har leia til at vi har måtte arbeide annleis og tidvis tyngre enn før.

Studiebarometeret for 2021/22 synte ei generell nedgang med tilfredsheita frå studentane, og det er gledeleg at trenden har snudd noko i 2022/23. Samtidig ser vi at Fagskulen Vestland ofte ligg under landsgjennomsnittet, og dette er resultat som vi tek på alvor. Samtidig har vi god gjennomføring og høg studiepoengproduksjon, og vi ser at studentane i hovudsak meiner at utdanninga har høg yrkesrelevans. Resultata viser vidare at vi må arbeide med rammene til studentane, både i høve til informasjon og organisering av utdanninga. Arbeidet med dette har starta og vi vil tru at resultatane vert forbetra ved neste studiebarometer.

Studiebarometeret er eit viktig verktøy for fagskulen i arbeidet med kvalitet i utdanninga. For skuleåret 2022/23 var svarprosenten berre på 26,4 %, noko som er svært lågt. Tidlegare har fagskulen hatt høg svarprosent på 75 %, og ved neste studiebarometer må det vere eit mål å få svarprosenten betrakteleg opp.

Opptakskvalitet

Våren 2022 lyste Fagskulen Vestland ut totalt 43 utdanningar gjennom Samordna opptak, med totalt 1151 studieplassar. Prosjektstyret vedtok i desember 2022 å lyse ut samtlege studiar, for så å ta ein avgjerd på kva studiar som skulle starte på bakgrunn av søkjartala. I forkant av utlysinga vart det køyrd ulike generelle marknadsføringskampanjar for å gjere den nye skulen kjent, og det vart køyrd egne kampanjar for lokal mat, mjølkeproduksjon og robotteknologi.

I opptaket for 2022 var det totalt 2096 søkjarar, kor 1452 hadde Fagskulen Vestland som førsteval.

For 2021 var tilsvarande tal 2090 og 1477. Av dette ser vi at tal søkjarar nærast er uendra mellom 2021 og 2022. Når det gjeld førsteprioritetssøkjarar er det ei nedgang på 2% mot 6% året før.

Skulen lyste ut 1151 plassar og gav tilbod til 983 studentar. Differansen skuldast dels at nokre studiar hadde færre søkjarar enn plassar, og del at nokre studiar vart bestemt kansellert grunna få søkjarar. Styret vedtok å kansellere Elkraft heiltid og Velferdsteknologi i Førde, Leiring i havbruksoperasjonar i Måløy, og Automatisering heiltid på Nordnes. Samstundes vart det vedteke å behalde dekksoffiser på Austevoll, og Maskinoffiser i Måløy då desse studiane normalt har eit tilsig av studentar som ikkje har fått plass i hovudopptaket.

Fagskulen ønskjer å rekruttere studentar med høg motivasjon og gjennomføringsevne. Eit parameter som kan gje oss ein peikepinn på dette er førsteprioritetssøkjare.

Tabellen på neste side syner tal frå hovudopptaket etter søknadsfristen 15. april. Tabellen er sortert etter auke i førsteprioritetssøkjarar. Studiar som ikkje vart utlyst året før og ikkje har samanlikningsgrunnlag ligg nedst i tabellen og er merka med NA. Øvst finn vi ei rekkje studiar ved studiestad Førde.

Fleire studiar har nedgang i tal førsteprioritetssøkjarar, og vi finn studiar ved dei fleste studiestader representert. På Maskinteknikk deltid i Bergen går tal førsteprioritetssøkjarar ned frå 92 til 47, noko som utgjer ein reduksjon på 49%. Vi ser at Maskinteknikk heiltid Bergen har ein reduksjon på 25%, medan Maskinteknikk deltid i Førde har ei auke på 50%. På landsbasis var det ein reduksjon på 14% i førsteprioritetssøkjarar til maskinteknikk.

På Austevoll har dekksoffiser ei reduksjon frå 29 til 10 førsteprioritetssøkjarar, og det utgjer ei reduksjon på 66%. Skulen opplever at søkjartala svingar ved denne utdanninga utan at det er nokon openbar orsak. Skulen har likevel erfaring med at det kjem til nok søkjarar i suppleringsopptaket til at det er forsvarleg å starte opp utdanninga.

At eit studium har størst auke i tal førsteprioritetssøkjarar er ikkje det same som at det fyller alle studieplassane. 18 studiar har færre førsteprioritetssøkjarar enn tilbudde plassar, 5 studiar har færre kvalifiserte studentar enn studieplassar. Dette gjelder Lokal matkultur, vannkjemi, Bygg Førde heiltid, Anlegg Førde og Rehabilitering. For nokre av studiane gjeld det berre ein eller to plassar, medan det for andre studiar kan vere fleire.

Studiumnavn	Studieplasser		Søkjalar		+/-	Søkjalar førstevalg		+/-	Søkere kvalifisert		+/-	Søkere tilbud		+/-	
	Studiestad	2021	2022	2021		2022	2021		2022	2021		2022	2021		2022
SUM		1109	1151	2090	2096		1477	1452		1803	1840		979	983	
Bygg Deltid	Førde	30	30	49	48	-2 %	14	24	71 %	45	42	-7 %	15	21	40 %
Elkraft Deltid	Førde	30	30	67	101	51 %	31	52	68 %	66	100	52 %	35	33	-6 %
BIM - teknikker	Førde	25	25	78	80	3 %	25	39	56 %	67	61	-9 %	31	27	-13 %
Maskinteknikk deltid	Førde	30	29	31	36	16 %	10	15	50 %	31	32	3 %	17	21	24 %
Anlegg deltid	Førde	30	30	40	42	5 %	11	15	36 %	31	36	16 %	12	16	33 %
Mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi	Førde	15	15	18	19	6 %	10	13	30 %	15	18	20 %	12	14	17 %
Automatisering deltid	Bergen	40	40	130	155	19 %	57	73	28 %	115	145	26 %	40	43	8 %
Elkraft heiltid	Bergen	30	30	130	149	15 %	73	82	12 %	121	143	18 %	30	30	0 %
Velferdsteknologi for kommunene	Førde	25	0	21	29	38 %	9	10	11 %	16	29	81 %	7	NA	NA
Klima, energi og miljø (KEM)	Førde	30	30	19	31	63 %	9	10	11 %	16	27	69 %	9	11	22 %
Anlegg	Voss	30	30	93	79	-15 %	49	54	10 %	73	57	-22 %	32	30	-6 %
Dekksoffiser	Bergen	30	30	202	197	-2 %	84	91	8 %	163	162	-1 %	29	30	3 %
Elkraft deltid	Bergen	80	80	208	254	22 %	121	131	8 %	201	245	22 %	80	80	0 %
Klima, energi og miljø i bygg (KEM)	Bergen	40	40	102	105	3 %	54	58	7 %	79	94	19 %	40	40	0 %
Psykisk helse- og rusarbeid	Bergen	30	30	109	109	0 %	65	68	5 %	65	60	-8 %	30	30	0 %
Bygg heiltid	Bergen	30	30	112	99	-12 %	54	55	2 %	93	85	-9 %	30	35	17 %
Dekksoffiser	Måløy	16	16	79	78	-1 %	26	25	-4 %	64	67	5 %	16	15	-6 %
Maskinoffiser	Bergen	30	30	124	115	-7 %	47	45	-4 %	108	99	-8 %	30	30	0 %
Automatisering Heiltid	Bergen	0	0	68	60	-12 %	16	15	-6 %	68	60	-12 %	0	0	NA
Bygg deltid	Bergen	80	80	163	137	-16 %	94	84	-11 %	138	123	-11 %	80	80	0 %
Prosess	Bergen	40	40	100	86	-14 %	56	46	-18 %	76	72	-5 %	40	38	-5 %
Robotteknologi og digital produksjon i industrien	Stord	30	30	85	70	-18 %	29	23	-21 %	60	53	-12 %	30	24	-20 %
Maskinteknikk heiltid	Bergen	30	30	96	60	-38 %	44	33	-25 %	87	53	-39 %	30	31	3 %
Boring	Bergen	40	40	83	60	-28 %	45	33	-27 %	53	44	-17 %	32	27	-16 %
Bygningssakkyndig for tilstandsanalyser	Førde	25	25	48	40	-17 %	37	27	-27 %	38	27	-29 %	31	22	-29 %
Automatisering	Førde	30	30	49	62	27 %	24	17	-29 %	45	57	27 %	26	25	-4 %
Lokal matkultur	Hjeltnes	30	30	44	23	-48 %	27	19	-30 %	28	18	-36 %	21	16	-24 %
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innen akvaku	Austevoll	20	30	60	47	-22 %	49	31	-37 %	43	29	-33 %	30	23	-23 %
Maskinteknikk deltid	Bergen	40	40	170	103	-39 %	92	47	-49 %	158	98	-38 %	40	46	15 %
Bygg	Førde	30	30	25	15	-40 %	8	3	-63 %	21	12	-43 %	9	2	-78 %
Dekksoffiser	Austevoll	30	30	102	76	-25 %	29	10	-66 %	86	64	-26 %	30	27	-10 %
Arborist	Hjeltnes	NA	20	NA	42	NA	NA	31	NA	NA	20	NA	NA	14	NA
Klassisk bygningshåndverk og restaurering	Bergen	20	NA	55	NA	NA	45	NA	NA	26	NA	NA	20	NA	NA
Maskinteknikk	Stord	30	NA	67	NA	NA	50	NA	NA	59	NA	NA	30	NA	NA
Maskinoffiser	Måløy	NA	16	NA	47	NA	NA	11	NA	NA	46	NA	NA	12	NA
Anlegg	Førde	30	30	23	17	-26 %	10	5	NA	18	15	-17 %	9	6	-33 %
Maskinteknikk	Førde	0	NA	25	11	-56 %	NA	4	NA	NA	11	NA	NA	NA	NA
Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi	Bergen	NA	0	NA	44	NA	NA	13	NA	NA	44	NA	NA	0	NA
Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi	Bergen	NA	40	NA	65	NA	NA	22	NA	NA	38	NA	NA	19	NA
Ledelse i havbruksoperasjoner	Måløy	NA	NA	NA	20	NA	NA	5	NA	NA	20	NA	NA	NA	NA
Maskinteknikk med ISO-fag	Stord	NA	30	NA	37	NA	NA	28	NA	NA	36	NA	NA	28	NA
Elkraft	Stord	NA	20	NA	55	NA	NA	34	NA	NA	52	NA	NA	20	NA
Handverksystem - verdiskaping i mjølkeforedling	Førde	NA	15	NA	56	NA	NA	51	NA	NA	42	NA	NA	17	NA
Sterilforsyning	Bergen	18	NA	57	NA	NA	42	NA	NA	38	NA	NA	18	NA	NA
Havbunnsinnstallasjonar	Bergen	0	0	34	NA	NA	6	NA	NA	34	NA	NA	0	NA	NA
SUM		1076	1151	1704	2096		1135	1454		1462	1840		979	983	

Tabell 1: Søkertal 2021 og 2022.

Studiestad	Studienavn	Tal studenter	Kvinner	prosentandel kvinner	Realkompetanse-vurdert	Prosentandel realkompetanse
Nordnes	Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi	14	14	100 %	0	0 %
Nordnes	Psykisk helse- og rusarbeid	46	38	83 %	10	22 %
Hjeltnes	Lokal matkultur	18	14	78 %	7	39 %
Hjeltnes	Handverksystem – verdiskaping i mjølkeforedling	17	11	65 %	10	59 %
Nordnes	Sterilforsyning	16	10	63 %	11	69 %
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innen akvaku	18	8	44 %	8	44 %
Førde	Mjølkeproduksjon ved bruk av robotteknologi	16	7	44 %	2	13 %
Hjeltnes	Arborist	16	5	31 %	9	56 %
Nordnes	Prosess	62	17	27 %	2	3 %
Stord	Maskinteknikk heltid	27	4	15 %	0	0 %
Nordnes	Maskinteknikk heltid	36	5	14 %	1	3 %
Nordnes	Maskinteknikk deltid	80	11	14 %	2	3 %
Førde	BIM - tekniker	37	5	14 %	4	11 %
Nygård	Dekksoffiser	50	6	12 %	0	0 %
Førde	Maskinteknikk deltid	41	4	10 %	1	2 %
Måløy	Dekksoffiser	31	3	10 %	1	3 %
Førde	Bygg deltid	42	4	10 %	4	10 %
Førde	Anlegg deltid	43	4	9 %	6	14 %
Førde	Elkraft deltid	78	7	9 %	0	0 %
Austevoll	Dekksoffiser	36	3	8 %	3	8 %
Nordnes	Automatisering deltid	85	7	8 %	1	1 %
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg (KEM)	85	7	8 %	3	4 %
Nordnes	Elkraft deltid	193	14	7 %	0	0 %
Nordnes	Klassisk bygg	14	1	7 %	3	21 %
Nygård	Maskinoffiser	46	3	7 %	1	2 %
Nygård	Boring	40	2	5 %	2	5 %
Førde	Automatisering deltid	65	3	5 %	2	3 %
Voss	Anlegg	69	3	4 %	13	19 %
Stord	Elkraft heltid	24	1	4 %	0	0 %
Måløy	Maskinoffiser	25	1	4 %	2	8 %
Førde	Klima, energi og miljø (KEM)	26	1	4 %	0	0 %
Førde	Bygningssakkyndig for tilstandsanalyser	53	2	4 %	3	6 %
Nordnes	Elkraft heltid	56	2	4 %	0	0 %
Nordnes	Robotteknologi og digital produksjon i industrien	31	1	3 %	3	10 %
Nordnes	Bygg deltid	155	4	3 %	6	4 %
Nordnes	Bygg Heiltid	59	1	2 %	0	0 %
Førde	Bygg Heiltid	5	0	0 %	0	0 %
Førde	Anlegg heiltid	10	0	0 %	0	0 %
Sum		1 765	233	13 %	120	7 %

Tabell

2: aktive studenter 01.10.22, tal kvinner og studenter med realkompetansebakgrunn.

Tabell to viser talet på studenter, kvinnelege studenter og talet på realkompetansevurderte studenter per 1. oktober 2022. Fleirtalet av studentane er menn. Rehabilitering, Psykisk helse og lokal matkultur er studiane med høgst del kvinnelege studenter. Talet på kvinnelege studenter brukar å vere høgt innanfor helsefaga, og dette harmonerer godt med dei nasjonale tala.

Opptakskravet til fagskoleutdanningane er anten fagbrev eller tilsvarende realkompetanse. Dei fleste utdanningane har søkjarar med fagbrev. Nokre utdanningar har høg del realkompetansesøkjarar. I 2022 gjaldt dette utdanningar innan Sterilforsyning, Handverksystem og Arborist. I den andre enden av skalaen finn vi Elkraft som ikkje har nokon studenter med realkompetansebakgrunn. Det er grunn til å tru at bransjespesifikke krav er orsak til at det er få søkjarar med denne bakgrunnen på elkraft, då dei i liten grad vil kunne skaffe seg erfaring utan dei rette sertifikatane. Skulen fekk inga klagesaker på opptak i 2022.

Rammekvalitet

I skuleåret 2022/2023 er det om lag 178 pedagogisk tilsette, og om lag 154 årsverk. I tillegg er det knytt eksterne førelesarar til dei fleste utdanningane og det er ei god lærardekning ved skulen. Lærarundersøkinga syner at om lag 80 % av faglærarane har pedagogisk utdanning. Rektor vurderer at det er høg kompetanse blant tilsette ved skulen, og at det er god variasjon i utdanningsnivå og erfaring frå yrkesfeltet.

I høve til overordna tilfredsheit gir studentane ei skåre på 3,8. Dette er 0,2 poeng over resultatet i 2021/2022, og syner såleis ei auke. Samtidig er det 0,2 poeng under landsgjennomsnittet. Når det gjeld rammekvalitet er det interessant å sjå på kor tilfreds studentane er med mellom anna det fysiske læringsmiljøet, samt bruk av utstyr ol. i undervisninga. I årets studiebarometer er det ikkje spørsmål om det fysiske læringsmiljøet, og vi har derfor sett til undervegsundersøkinga. Resultatet frå denne undersøkinga syner at studentane gir ei total skåre på 3,5 på kor tilfreds dei er med lokale for undervisning og anna studiearbeid. Ein ser at spesielt ved studiestad Nordnes og Nygård er det rapportert om dårleg ventilasjon. Dette er eit forhold som er meldt til eigar ved fleire høve. Ei anna problemstilling som vi veit er ei utfordring fleire stader er tilgang på grupperom for studentane. Dette er ei problemstilling som både er knytt til vekst ved fagskulen og vekst ved vidaregåande skular som fagskulen delar lokale med.

Fagskulen har dei siste åra investert i mykje godt utstyr til undervisning, både i klasseromma og i eigne spesialrom med nye, eller oppgradering av simulatorar og lab-ar. I studiebarometeret vert studentane spurt om i kva grad dei nyttar ulike undervisning- og arbeidsformer i studieprogrammet, og totalt for skulen vert det rapportert at det vert nytta lite simulering, men om ein ser på dei utdanningane kor t.d. bruk av simulator er eit krav i undervisninga, så ser ein at skåren vert høgare. Det er ikkje alle utdanningar som er knytt opp til utstyr, men dei fleste utdanningane har tilgang til spesialrom med utstyr for studentane. Fagskulen vil gjere ei vurdering av om vi har effektiv bruk av det utstyret som er kjøpt inn, og sikre at utstyr vert nytta aktivt i undervisninga. Det er heller ikkje alle emne ved ei utdanning der utstyret er relevant, så ein må sjå nærare på om dette er med på å påverke skåren.

Korleis studentane får og kan innhente informasjon om studiet og aktivitetar gjennom året er ei viktig del av rammene til studentane. I studiebarometeret gir studentane ei skåre på 3,1 i høve til om dei fekk naudsynt informasjon før oppstart av studiet. På spørsmål om naudsynt informasjon om studiet er lett tilgjengeleg og om kvaliteten på informasjon om studiet er god, vert det gitt ei skåre på 3,3 for begge spørsmåla. Dette er 0,4 poeng under landsgjennomsnittet for begge. Ei del av tilbakemeldingane fagmiljøa får er at nettsidene kan vere vanskeleg å orientere seg i. Nettsidene er relativt nye då fylkeskommunen kom med nye nettsider omtrent på same tid som fagskulane vart slått saman. Nettsidene er laga ut i frå behovet til dei vidaregåande skulane og treff ikkje fagskulen sine behov like godt. Dette vert det arbeidd med, saman med innhaldet på nettsidene. Vi vil såleis kunne sjå ved neste gjennomføring av studiebarometeret om dette har hatt god effekt.

Ei anna problemstilling studentane gjev tilbakemelding på er bruk av læringsplattform. Studentane rapporterer i hovudsak at dei nyttar læringsplattforma ofte (63 %), samtidig er det 15 % som seier dei aldri nyttar den. På spørsmål om i kva grad læringsplattforma bidreg til god læring for studenten er det ei skåre på 2.1 av 3. 35 % svarar «i stor grad», 42 % svarar «i nokon grad», 17 % «i liten grad», og 6 % svarar «ikkje i det heile tatt». Alle studentane bør nytte læringsplattforma jamleg, og skulen vil vurdere om det vil vere naudsynt med noko meir opplæring i bruken, samt sjå på korleis vi nyttar læringsplattforma i dag og om dette kan gjerast på ei betre måte.

Kva bakgrunnskompetanse studentane kjem inn i studiet med er også ei del av rammene for studentane, og er viktig for å få eit godt utbytte av utdanninga. På spørsmål om utdanninga bygger vidare på den utdanninga studenten hadde ved studiestart gir studentane ei skåre på 3,9 og dette vert vurdert som eit godt resultat.

Programkvalitet

Programkvalitet er knytt til design av sjølve studietilbodet – studie- og emneplanar, arbeids- og undervisningsformer, og vurderingsformane. Ein av kvalitetsindikatorane knytt til programkvalitet er studentane sin overordna tilfredsheit med utdanningstilbodet, og den gjennomsnittlege skåren frå studiebarometeret er på 3,8. Dette er ei forbetring på 0,2 samanlikna med fjoråret, men samanliknar vi med nasjonalt gjennomsnitt ligg skåren 0,2 poeng under. Det er stor variasjon mellom utdanningane. Det varierer mellom skåre på 2,7 til 4,9. Der studentane er mest tilfreds er på Spesialreinhald og sterilforsyning i helsetenesta, og Psykisk helsearbeid og rusarbeid. Dei studietilboda som vi får dårlegast tilbakemelding på er samlingsbasert maskinteknikk på Nordnes og dekksoffiser i Måløy.

Om vi ser på lærarane sin tilfredsheit med utdanningstilbodet syner lærerundersøkinga ein skåre på 3,7 på påstanden « Eg er, alt i alt, tilfreds med kvaliteten på utdanninga ». Går ein inn på korleis svara fordeler seg på kategoriar, svarer 11% av lærarane at dei i «liten grad» er nøgd med kvaliteten i utdanninga. Variasjonen mellom utdanningane er frå 3,1 til 4,3. Den svakaste skåren på kvalitet har vi frå dei tekniske utdanningane på Nordnes, og dei lærarane som er mest nøgd med kvaliteten i utdanningane er i Måløy og elektroavdelinga i Førde.

I lærerundersøkinga får «studieplan med læringsutbytte» ein skåre på 3,4. 17% av lærarane meiner at studieplanen med læringsutbytte er «lite god» eller «svært lite god». Dei tekniske utdanningane på Nordnes kjem dårlegast ut her med ein skåre på 3,1. Årsaka til dette kjem ikkje fram av undersøkinga, og det kan sjølvstøtt vere fleire faktorar som spelar inn. Ei mogleg forklaring kan vere at det er meir krevjande å kome til einigheit om innhald i eit stort fagmiljø, i motsetning til andre studiestader som har mindre fagmiljø. Vi vonar at det systematiske forbetningsarbeidet knytt til studieplanrevisjon vil ha positiv effekt på lærarane sin vurdering. Det har vore gjort tiltak på fleire avdelingar for å oppdatere studieplanar, og på Elkraft og Automasjon på Nordnes, er det no i gang med ein større revisjon av studieplanen.

Lærarane melder tilbake at dei stort sett er tilfreds med læringsutbyttet til studentane (3,8). Det vil sei at ein er stort sett fornøgd med kva læringsutbyttet til studentane er, og korleis læringsutbytte beskrivingane er.

Lærestoffet sett i høve til læringsutbyttet får ein skåre på 3,5. Dei maritime utdanningane kjem best ut her. Det kan ha samanheng med at dei maritime skulane har eit samarbeid, og økonomi til, utvikling av læreverk. På dei andre utdanningane har det ikkje vore same moglegheit til å søkje på midlar til utvikling av tilpassa fagstoff. Dei må difor velje mellom å nytte bøker som er tilpassa fagskulenivået, men til dels utdatert, eller bøker som er utvikla for eit anna utdanningsnivå. Utvikling av fagstoff for fagskuleutdanningar har ikkje vore like prioritert som utvikling av fagstoff retta mot høgskule og universitet.

Lærarane rapporterer at dei formidlar til studentane kva som er forventa læringsutbytte i emnet (skåre 4,2), studentane gir i studiebarometeret i større grad uttrykk for at dei ikkje har fått ei grundig innføring i LUB (skåre 3,2). For at studentane skal få «eigarskap» til læringsprosessen er det viktig å få god innføring i læringsutbyttet, og at vurderingsformer har ein samanheng som gir eit godt læringsutbytte. 25% av studentane svarer at innføring i LUB har vore mangelfull. Skulen må sjå på korleis ein kan sikre seg at studieplanen med læringsutbytte blir gjort godt kjent for studentane.

På spørsmål knytt til vurderingsform gjev studentane ein gjennomsnittleg skåre på 4,0 i høve til at eksamen, innleveringar og andre vurderingsformar har handla om sentrale deler av lærestoffet, og at dei har stilt krav til forståing og resonnement. Dette er ein god tilbakemelding på at studentane er nøgd med vurderingsformene som blir brukt. Lærarane meiner dei brukar vurderingsformer som er eigna for å måle læringsutbytte. 87% vurderer det som i «stor grad» eller «svært stor» grad er eigna for å måle oppnåing av læringsutbytte.

Når det gjeld læringsutbytte som studentane oppnår er det gitt ei gjennomsnittleg skåre på 3,9 i høve til at studentane får ei kompetanse som er viktig i arbeidslivet, og ein skår på 3,8 om at studentane får ei kompetanse som gjer at dei kan gå rett ut i arbeidslivet. Dette tyder på at skulen gir den kompetansen som arbeidslivet ønsker.

For å vere konkurransedyktig og møte studentanes behov har Fagskulen Vestland ei rekkje gjennomføringsmodellar. Vi har både heiltid, deltid, samlingsbasert og reine nettstudiar. Vi har lite tilbakemelding frå arbeidslivet og studentane på dei ulike modellane i seg sjølve, men vi jobbar fortløpande med studentrådene for å sikre god å relevant tilbakemelding på forhold som angår studentane. Vi har eit spesielt tett samarbeid med næringa når det gjeld bransjeprogram og industrifragaskulen, og v vi prøver å finne gode gjennomføringsmodellar som gjer at arbeidstakarane kan gjennomføre eit studium medan dei er i jobb, samstundes med at dei tek omsyn til behovet hos næringane og arbeidsplassane. I følgje forskrifta til lov om høgare yrkesfagleg utdanning skal Fagskulen ha eit strukturert samarbeid med arbeidslivet. Fagskulen har kome eit stykke på veg, men det står framleis att eit stykke arbeid før vi kan si oss nøgd med involveringa.

Undervisningskvalitet

Resultata frå Studiebarometeret syner at studentane i snitt er meir nøgd med undervisninga i år enn i fjor. Skulen får ein skåre på 3,5 noko som er ei forbetring på 0,1. I forhold til landsgjennomsnittet er skåren 0,3 poeng lågare.

I studiebarometeret er studentane minst nøgd med fagleg rettleiing frå lærarane, kor mange tilbakemeldingar dei får på arbeidet sitt, og i kva grad lærarane gir konstruktive tilbakemeldingar. Den høgste skåren som omhandlar undervisning er 3,8 og den gir studentane på spørsmålet om undervisninga dekkjer sentrale deler av studieplanen. I underegsundersøkinga er studentane stort sett nøgde med vurdering og rettleiing. Studentane på samlingsbaserte tilbod gir låg skår på "tilrettelegging for samhandling mellom samlingane". 25 prosent av studentane er «ikkje einig», medan 29 prosent er «litt einig» i at skulen legg til rette for samhandling mellom samlingane.

Sjølv om studentane i stor grad er nøgd med undervisning og vurdering, så skårar informasjon om læringsutbytte og informasjon om vurderingsformer lågt. Våren 2023 tok skulen i bruk Edutorium, som eit prosesstøtteverktøy for studieplanendringar. Vi har no eit spesielt fokus på å sikre gode beskrivingar av vurdering og arbeidskrav, og vi vonar at dette saman med auka fokus på å informere studentane om studieplanar, samt systematisk forbetningsarbeid med skulens informasjonsregime, vil føre til at studentane opplever at kvaliteten på informasjonen dei får aukar. Det er og fokus på å beskrive oppfølging mellom samlingane for nett- og samlingsklassane i studieplanane.

Dei beste skårane på lærarundersøkinga er at læraren har naudsynt fagkunnskap, at det er viktig å ha relevante eksempel frå arbeidslivet, tydeleg på forventningane til studentane og at dei jobbar aktivt for å motivere studentane. Ein annan faktor som er viktig for vurdering er at ein reflekterer over at vurderingsforma er eigna for å måle læringsutbyttet. På dette spørsmålet skårar lærarane 4,1. Tilbakemeldingane i studiebarometeret støtter opp om at vurderingsformene er gode. Tilbakemeldingane er på om vurderingsformene har handla om sentrale deler av læringsutbyttet, og at vurderingsformene har kravd forståing for faget. Her har studentane dei beste skårane.

Andre sentrale element som har innverknad på undervisningskvaliteten er lærarane sitt samarbeid med samfunns- og arbeidsliv. Lærarane gir skår på 2,9 for dette, noko som er den svakaste skåren i lærarundersøkinga. I tillegg skårar dei 3,2 på at skulen legg til rette for samarbeid med næringslivet. For å sikre at utdanningane vert opplevd som relevant må vi ha løpande fokus på dette, og det vert omtala meir under relevanskvalitet.

For å sikre studentane kvalitet i undervisninga er vi oppteken av å ha lærarar som er fagleg oppdatert, og som har gode rammer for å utøve det pedagogiske virke. I lærarundersøkinga er skåren på kor vidt læraren sjølv opplever å ha «naudsynt fagkunnskap» 4,3, og «naudsynt digital kunnskap» 4,0. Samstundes gir dei ein skår på 3,3 på spørsmålet om dei får «naudsynt opplæring i digitale læremiddel». Sett opp i mot studentane sin tilbakemelding på bruk av læringsplattform, kor dei uttrykte ein del frustrasjon, kan det være ein del å hente på å vurdere å gi lærarane meir opplæring i ulike programvare.

Når vi ser på dei områda vi har størst framgang på frå 2022 så er det mengde og nytte studenten har av tilbakemelding frå lærar. Formidlinga av lærestoffet, studentaktivitet og fagleg rettleiing. Det tyder på at vi er på riktig veg med utdanningskvaliteten, men skåren er lågare enn landsgjennomsnittet på desse områda, og vi vil fortsette å jobbe systematisk med å heve kvaliteten.

Resultatkvalitet

Våren 23 blei det gjennomført 4286 vurderingar mot 5296 våren 22. Dette skuldast at skulen, for å vere i tråd med regelverket, gjekk bort i frå trekkeksamemar. Fordelinga av karakterar er stabil frå år til år. Det har vore ei auke i vurderingar som nyttar bestått/ikkje bestått.

vår 22								vår 23							
	Bestått	A	B	C	D	E	F		Bestått	A	B	C	D	E	F
antall	131	627	1587	1851	718	192	109	antall	294	503	1296	1446	537	120	90
prosent		12 %	31 %	36 %	14 %	4 %	2 %	prosent		13 %	32 %	36 %	13 %	3 %	2 %

Tabellen syner tal vurderingar og fordeling av karakterar.

Når det gjeld endring i studentmassen gjennom året ser vi at alle utdanningsstader med unntak av Måløy og Hjeltnes har hatt ein reduksjon. I prosentpoeng har reduksjonen vore lågare for skuleåret 22-23 enn for 21-22 ved dei fleste studiestadene.

Studiestad	Haust 21	Vår 22	Prosentvis endring	Haust 22	Vår23	Prosentvis endring
Austevoll		66	-8 %	54	51	-6 %
Førde		380	-8 %	434	403	-7 %
Hjeltnes		38	-5 %	34	34	0 %
Måløy		53	-4 %	56	56	0 %
Nordnes		980	-17 %	936	867	-7 %
Nygård		161	-4 %	136	129	-5 %
Voss		78	-5 %	69	61	-12 %
Stord		51	-8 %	76	69	-9 %
Sum		1807	-12 %	1795	1670	-7 %

Tabellen syner fråfall mellom haust og vårsemester. Tabellen har ikkje med studentar på bransjeprogram.

Ved studiestad Hjeltnes og Måløy har det ikkje vore reduksjon i tal studentar mellom haust og vårsemester. Ved studiestad Nordnes og Førde er fråfallet forholdsvis jamt fordelt over studiane. Det er likevel eitt område kor det ikkje er fråfall i Førde og det er på Handtverksysting og Mjølkeproduksjon. Hjeltnes har heller ikkje hatt fråfall, og det vil sei at vi ikkje har hatt noko fråfall på utdanningane som fell inn under fagområde «Grøne og gastronomiske utdanningar».

Det kan vere fleire årsaker til dette, og vi veit at fråfall ofte er mindre i små klassar enn i store. Det er vidare verdt å merke seg at desse studia har ein høg del kvinnelege studentar, samtidig som dei har en høg del realkompetansesøklarar.

Våren 2023 var det 531 studentar som fullførte ei utdanning ved fagskulen, mot 496 året før.

Studiestad	Vår 22	Vår 23
Nordnes	224	278
Austevoll	24	23
Nygård	78	51
Hjeltnes	23	
Voss	23	19
Stord	21	26
Førde	80	106
Måløy	23	27
Sum	496	531

Tabellen syner tal studentar som har bestått ei utdanning 2022-2023

Produserte studiepoeng	Vår 21	Haust 21	Vår 22	Høst 22	Vår 23
Austevoll	1423	0	2259	190	2065
Hjeltnes	554	276	1332	72	352
Nordnes	21477	11861	18992	11157	21018
Nygård	6226	7	9158	587	6234
Voss	498	1990	889	1775	689
Stord	4233	0	2808	20	3805
Førde	10039	30	11281	565	13262
Måløy	1676	10	2693	112	3284
Sum	46126	14174	49412	14478	50709

Tabellen syner produserte studiepoeng i skuleåra 2021-2022 og 2022-2023

Tabell studiepoeng pr heltidsekvivalent	Haust 21	Vår 22	Haust 22	Vår 23
Produserte studiepoeng:	14174,00	49412,00	14478,00	50709,00
Andel heltidsekvivalenter	1303,00	1227,00	1340,00	1287,00
Produserte studiepoeng per heltidsekvivalent	10,88	40,27	10,80	39,40

Tabellen syner produserte studiepoeng per heiltidsekvivalent

Dei fleste vurderingar gjerast i vårsemesteret og vi ser at det er ei auke frå 49 412 produserte studiepoeng våren 22 til 50 709 studiepoeng våren 23. Våren 22 hadde skulen 1670 studentar mot 1825 våren 23. Som forventa ser vi ei auke i produksjon av studiepoeng. Imidlertid må vi vurdere tala opp i mot at ikkje alle studentane er heiltidsstudentar. Viss vi ser på produksjon av studiepoeng per heiltidsekvivalent ser vi at det våren 22 vart produsert 40.27 studiepoeng per heiltidsekvivalent, medan dette fell til 39.4 per heiltidsekvivalent våren 23.

Andre fagskuler	Vår 22	Haust 22	Vår 23
Fagskolen Rogaland			
Produerte studiepoeng	25039	8568	32637
Andel heiltidsekvivalenter	805,59	773,69	772
produerte stp pr heiltidsekvivalen	31,08	11,07	42,28
Fagskolen viken			
Produerte studiepoeng	40984	19580	47448
Andel heiltidsekvivalenter	1206	1431,94	1433,91
produerte stp pr heiltidsekvivalen	33,98	13,67	33,09
Fagskolen Innlandet			
Heiltidsekvivalenter	44233	5013	43889
produerte stp pr heiltidsekvivalen	1500	1480	1665
	29,49	3,39	26,36

Når vi samanliknar oss med andre fagskular, ser vi at vi ligger til dels betydeleg over Fagskolen i Viken og Fagskolen Innlandet, mens vi ligger meir på nivå med Fagskolen Rogaland.

Relevanskvalitet

Relevanskvalitet skal seie noko om studentane sin kompetanse, etter slutført utdanning, er relevant for arbeidslivet. Fagskulane vert ofte omtala som arbeidslivet si skole og det ligg eit særleg krav til våre utdanningar at dei skal fylle eit gitt kompetansebehov i arbeidslivet.

Arbeidslivs relevans er satt opp som eit av fire satsingsområde i strategien til Fagskulen Vestland. Dette er i tråd med forventningane om at ein kandidat frå fagskulen skal kunne gå rett ut i relevant arbeid utan meir utdanning.

Noko av det som Fagskulen gjer for å sikre denne relevansen er å gjennomføre hovudprosjekta, som er kandidatane sin avsluttings oppgåve ved fagskulen, i tett samarbeid med aktuelt arbeidsliv. Fagskulen Vestland har samarbeid med mange verksemdar om hovudprosjekt og utdanningane brukar dette som ein god av sjekk på relevansen. Equinor, Bybanen utbygging, Aker Kværner og FMC er nokon av dei bedriftene Fagskulen har jamt samarbeid med. Ikkje alle hovudprosjekt er gjennomført med samarbeidsbedrift, det varierer noko mellom utdanningane. Ved maskinavdelinga på Nordnes inviterast arbeidslivet kvart år inn og studentane stiller ut sine hovudprosjekt. Dette er eit viktig tiltak i å synleggjere for arbeidslivet kva Fagskulen Vestland sine utdanningar inneheld.

I 2023 har Fagskulen Vestland utvikla og starta utdanningar saman med arbeidslivet fleire stader i Vestland.

I Odda har fagskulen utvikla industri 4.0 og digitalisering for industrien. Studiet er ein del av robotisering og digitaliseringsstudiet til fagskulen. Dette studiet treffer veldig godt på behovet til arbeidslivet i Odda. Studiet var fullteikna både våren og hausten 23.

I Florø har vi saman med arbeidslivet utvikla studiet Min arbeidsplass, dette studiet treffer også veldig godt behovet til arbeidslivet i Florø, studiet er ein del av maskinutdanninga til Fagskulen. Studiet er fullteikna hausten 23.

På Stord har vi utvikla EX utdanning(arbeid med elektriske installasjonar i eksplosjonsfarlege omgjevnader). Utdanninga er ein heilt ny utdanning som Fagskulen Vestland har akkreditert. Det treffer veldig godt behovet til arbeidslivet i Vestland og var fullteikna både våren og hausten 2023. På Stord har Fagskulen også utvikla ein utdanning retta mot ISO faga og inspeksjon. Studiet er eit helt nytt studie som treffer behovet i arbeidslivet veldig godt, men som ikkje er fullteikna og treffer nok ikkje studentane like godt.

Alle desse prosjekta bidreg i stor grad til at Fagskulen Vestland samla sett har god yrkesrelevans ved fleire av dei store utdanningane. Desse nye utdanningane er finansiert gjennom diverse utviklingsutlysingar frå HK-DIR, og det vert viktig for Fagskulen Vestland at skulen har vidare kapasitet til å halde fram med denne utviklinga.

Når fagskulen samarbeider tett med arbeidslivet som desse prosjekta tek utgangspunkt i, så ser vi også at relevans i studia ofte er avhengig av kva bedriftene har av trong for av arbeidskraft. Det varierer både mellom fagområde og kvar dei ulike verksemdene er lokalisert. Det er forskjell på utdanningane vi har utvikla i Florø og dei vi har utvikla på Stord, sjølv om utviklinga går føre seg innan same fagområdet- mekanisk.

Saman med Aker Kværner gjennomførte Fagskulen ein pilot der studentar i Egersund vart kople opp digitalt i lag med studiestaden og studentane på Stord. Dette var eit pilotprosjekt med Hybridundervisning. Gjennomføringa for studentane i Egersund vart god. Aker Kværner i Egersund vart særst nøgd med å kunne få sine tilsette med på studiet som Fagskulen Vestland gjennomførte på Stord, utan for stor reiseverksemd. Samtlege studentar frå Egersund gjennomførte og bestod studiet våren 23. Dette syner kva mogleghetsrom Fagskulen har på å kople saman studentar frå ulike lokasjonar. Det er samstundes ein del utfordringar som kjem fram gjennom denne piloten, nokre av dei var vi klar over ville komme, medan andre var vi ikkje like forberedt på.

Fleire utdanningar arrangerer i løpet av året fagdagar der arbeidslivet vert invitert inn til fagskulen og vi ser gjennom desse møta at Fagskulen Vestland sine uteksaminerte kandidatar er særst attraktive i dagens arbeidsmarknad. Elektro avdelinga gjennomførte i haust ein slik fagdag og store selskap som ABB og Odfjell ga klårt uttrykk for at dei trengte fleire med fagskule utdanning. Det som var veldig bra var at det var tidlegare studentar ved fagskulen som no er med i rekrutteringsarbeidet til verksemdene. Dei var klokkeklår på kva bedriftene treng.

Det er om lag 80% av studentane ved Fagskulen Vestland som er i relevant arbeid før dei startar på eit studiet. Det er berre dei maritime utdanningane som ikkje har eit fleksibelt løp men berre har heiltidsstudentar. Desse utdanningane er styrt av internasjonale konvensjonar og er jamleg revidert slik at myndigheitene sikrar seg at utdanningane ved Fagskulen Vestland er i tråd med desse.

Dei tekniske utdanningane har ein stor overvekt av studentar som er i full jobb. Ved studiestad Førde er det hausten 23 ingen heiltidsstudentar att. Dette er ein utvikling som går raskt og som gjer at attendemeldingar frå denne studentgruppa er viktig i høve til relevans. Studentane må svare på følgjande påstand: «Eg får kompetanse som gjer at eg kan gå rett ut i arbeidslivet utan ytterlegare utdanning». I 2022 svarte 65% at dei var einig eller sær einig. I 2023 har denne prosenten gått ned til 61%. Det er små variasjonar men likevel eit signal på at arbeidet med relevans og revisjonar av studieplanar må styrkast.

Vidare seier 68% av studentane at dei får ein kompetanse som er viktig for arbeidslivet, også på dette spørsmålet er det ein svak nedgang frå i fjor (70%). Dette er ikkje urovekkjande, talet er framleis høgt, men det støttar oppunder signalet om at dette arbeidet må styrkast. I lærarundersøkinga svarar om lag 60 % at dei er samd i følgjande påstand: «Er pensum oppdatert og tilpassa utviklinga i samfunn og arbeidsliv?». Dette talet er på same nivå som i fjor. Samtidig svarar så mange som 92% at dei er samd i følgjande påstand: «Brukar eg oppgåver tilpassa utdanninga?». Dette er ein svak oppgang frå året før då resultatata var 89% på denne påstanden.

Forventningane til studentane om at fagskulen skal gje høve til å knytte kontakt med bedrifter og auke sjansane deira på arbeidsmarknaden, innfrir fagskulen ikkje godt nok. 25% av studentane er samd eller heilt samd i følgjande påstand: «Representantar for arbeidslivet bidrar på en god måte i undervisning, prosjektarbeid, praksis, ol». 45% seier at dei er usamd, eller litt usamd i same påstand. Utviklinga i svara på denne påstanden går i negativ retning. Det er ein nedgang i positive svar frå studentane frå 30% i 2022 og ein auke i negative svar frå 41% i 2022.

Speglar vi dette mot lærerundersøkinga så seier 28% seg heilt einig eller einig i påstanden om at dei samarbeider aktivt med arbeidslivet, 11% svarar heilt ueinig på dette. Dette er ein positiv utvikling i frå 2022 då 25% sa seg einig eller heilt einig i dette og 16% svarte heilt ueinig.

Spørsmåla om utdanningane til Fagskulen Vestland er relevante og om studentane opplever å gå direkte i relevant arbeid etter utdanningane, er ikkje gode nok til å belyse denne kvalitetsindikatoren. Til det trengs ein meir spesifikk kandidatundersøking. Fagskulen Vestland har hatt som mål at vi skal opprette ein alumni for fagskule studentar. Vi er ikkje klår med denne enda ,men det er noko vi trur vil gje oss betre svar på mellom anna relevansen. Utifrå svar vi har fått dei seinare åra er studentane, som hovudbilete trygg på at utdanningane Fagskulen tilbyr er arbeidslivsrelevante. Studentane er ikkje så nøgd med Fagskulen sin bruk av arbeidslivet anten i undervisning eller i andre samanhengar. Lærarane ved Fagskulen Vestland er meir positiv til dette bilete og meiner at samarbeidet er godt, men at det kan bli betre.

Fagskulen Vestland utviklar nye utdanningar med ulikt omfang som ein respons på arbeidslivets behov for kompetanse, og desse utdanningane er Fagskulen trygg på er relevante.

Fagskulen Vestland har hatt som satsingsområdet at det både skal etablerast meir strukturert samarbeid med arbeidslivet kring utdanningane og at det skal vere lokale studentråd etablert ved utdanningane. Begge desse arenaene for dialog vil kunne gje oss eit betre bilete av kva forventningar både arbeidslivet og studentane våre har til utdanningane vi tilbyr. Det er ein klår forventning frå leiinga ved skulen at dette arbeidet prioriterast framover.

Styringskvalitet

Fagskulesektoren har vore i ei omstilling over fleire år. Det har blitt gjennomført tydelege grep både i forhold til struktur, rammer, utvikling og kvalitet. I tillegg har også dei fleste fagskulane gjennomført samanslåingar som følgje av endra fylkesgrenser. Fagskulen Vestland er også ein ny konstruksjon i så måte. 2023 er andre året som ein stor fagskule i Vestland.

Gjennom skuleåret 22/23 har vi haldt fram med vekst og vi har om lag 1900 studentar som deltek på ein av dei mange utdanningar som skulen tilbyr.


Hausten 2023 er Fagskulen Vestland akkreditert til å drive utdanningar innan 63 forskjellige retningar, det er ikkje aktivitet i alle, men mange av dei. I forhold til andre fagskular vi gjerne samanliknar oss med er talet lågt. Fagskolen i Viken har 100 utdanningar, Fagskolen i Rogaland har 96 og Fagskolen Innlandet har 88. Tala er henta frå DBH (Database for høgare utdanning 2023).

Noko av forklaringa på dette ligg nok i at det for Fagskulen Vestland har vore viktig og tilbyr utdanningar retta mot det verdiskapande arbeidslivet i Vestland. Det er langt på veg denne kompetansen som etterspørjast gjennom mellom anna NHO sitt kompetansebarometer.

Ved Fagskulen Vestland er om lag 86% av produksjonen vår innan det tekniske område; 6% innan dei maritime faga, 4% innan helsefaga og 4% innan dei grønne faga.

Samanlikna med t.d Fagskolen i Rogaland er fordelinga av produksjonen vår overraskande forskjellig, då ein gjerne tenkjer at arbeidsmarknaden er ganske lik som i Vestland. Sjå tabell under.

Tabell 1: Fagskuletilbod fordelt på utanningsområde



Kjelde: DBH 2023

Samanlikna med dei andre store fagskulane i landet så har også Fagskulen Vestland hatt ein god vekst dei seinaste åra, særleg er veksten ved studiestaden Førde stor. Studiestaden har dei seinaste åra utvikla fleire utdanningar som treff marknaden godt. Bygningssakkunnig starta i 2020 og BIM utdanninga starta i 2021, handverksysting starta 2021 og Mjølkerobot starta i 2020. I tillegg har studiestaden vore aktiv innan industrifagskulen og desentral og fleksible utdanningar.

Samanliknar vi Fagskulen Vestland med dei tre andre store fagskulane så får vi følgjande tabell:

Tabell 2: studentar og studiepoengs produksjon

Fagskule	Tal studentar	Tal stp. produsert
Vestland	1909	50 709
Viken	2555	47 428
Innlandet	1665	32 627
Rogaland	1793	43 879

Kjelde: DBH 2023

Tabellen synar at Fagskulen Vestland er den institusjonen som produserer flest studiepoeng noko som igjen synar at Fagskulen Vestland har ein høg gjennomføringsgrad blant våre studentar.

6.1.1 Vidare vekst

Fagskulen Vestland søker om fagområde fullmakt innan helseområdet vårt. Det er eit stort potensiale for vekst innan området men det er også det området ein har størst konkurranse frå andre fagskular i Vestland. Det vert eit strategisk val om vi skal halde fram med å utvikle dette fagområdet. Dette er eit område som er eit av dei felte som har flest elevar og lærlingar i Vestland, ein god og framtidsretta fagskuleutdanning innan helsefaga vil kunne bidra til at det vert meir attraktivt å utdanne seg den vegen.

Det kan også vere aktuelt å gå inn i andre fagområde. Det ser vi at dei andre store fagskulane gjer. Det bør utviklast ei utdanning innan IT sikkerheit og digitalisering, det vil gje Fagskulen Vestland tilgang på fleire søkjarar. Utdanninga vil kunne utviklast innan fagmiljøa i dei eksisterande utdanningane robotisering og automasjon.

Det er usikkerheit i fleire bransjar knytt til bygg og anleggsnæringa. I vår hadde fagskulen fleire søkjarar på bygg heiltid enn på samlingsbaserte tilsvarande utdanning ved studiestad Nordnes. Det er fleire år sidan dette var tilfellet sist, men det er eit signal om at det er usikre tider.

Ved studiestad Førde og studiestad Voss har vi berre samlingsbaserte utdanningar, desse veit vi ville kunne rammast om vi kjem i ein situasjon der arbeidsledigheit og permitteringar kjem til å prege dei næraste åra. Erfaringa vår frå tidlegare korrigeringar i arbeidsmarknaden er at studentane forsvinn. Det er framleis ein vanskeleg situasjon å vere arbeidsledig og studere samstundast, ein kan ikkje vere begge deler samstundast.

6.2 Strategi

I desember 2022 vedtok styret den nye strategien for Fagskulen Vestland 2023-2027.

Effekt målet vårt for perioden er at Fagskulen Vestland skal bli den føretrekte tilbydaren av kompetanse for arbeidslivet i Vestland. Det er sett opp fire område som skal støtte opp kring effekt målet.

- **Arbeidslivsrelevans**

Noko av det vi har slått fast er at det skal etablerast fagråd eller anna strukturert samarbeid med arbeidslivet. Dette tiltaket er viktig, då det er noko av det vi lagt fram og som NOKUT legg vekt på når vi søker om fullmakter. Nokre utdanningar har framleis ikkje dette på plass og rektor ser det naudsynt og ha dette som ein klår målsetting også i 2024.

- **Profesjonalisering**

Fagskulen Vestland er framleis inne i oppbygging av ein ny organisasjon. Vi vil også framover trenge å bygge kompetanse for å handtere vidare vekst og behalde og utvikle kvaliteten vår i alle ledd. Vi har i 2023 auka bemanninga noko mellom anna med kommunikasjonsrådgjevar og ein internasjonal koordinator.

Vi arbeidar vidare med åtte andre fagskular for å verte ISO sertifisert etter ein gitt standar. Dette arbeidet vert nok ikkje ferdig etter plan som var våren 2024. Og har 2025 som mål. Eit godt KS system vert avgjerande når fagskulane vert gitt mogelegheit til å verte institusjonsakkreditert.

I løpet av våren 2024 vil vi ha på plass ein person som skal vere KS leiar og akkrediteringsansvarleg. Vi vert revidert kvart år av DNV og kvart femte år av sjøfartsdirektoratet og DNV. Vi har også ambisjonar om å gjennomføre interne revisjonar på alle utdanningane våre.

- **Læringsmiljø**

Noko av det som bekymrar rektor er at svara vi får på studentundersøkinga som vi gjennomfører er låge. I årets undersøking var svarprosenten på 26,4% som er eit langt skritt tilbake frå undersøkinga i 2020 der Fagskolen i Hordaland oppnådde 75%. Rektor vil komme attende med ein sak til styret våren 2024 om kva og kor mange evalueringsundersøkingar Fagskulen Vestland skal ha. Det nasjonale studiebarometeret vert vår viktigaste kjelde til studentinformasjon og svarprosent må verte langt høgare i 2024.

Ei av dei viktige satsingane er også å etablere lokale studentråd kring utdanningane. Dette for å gjere attendemeldingar frå studentane meir strukturert. Dei fleste utdanningar har dette på plass, men rektor vil følgje dette nøye framover slik at vi sikrar oss at alle studentane har denne moglegheita. Studentane skal også ha god innføring i fagskulen sitt KS system og korleis rapportere avvik. Dette er også ei viktig kjelde til informasjon for skulen. Studentassistentar er framleis brukt ved Fagskulen Vestland, tiltaket er godt i høve til å hindre at studentar fell frå studia. Dei bidreg også til skape gode læringsmiljø.

- **Vere synleg**

Fagskulen som skuleslag er lite kjent den er gjerne omtala som ein godt bevart hemmelegheit. Det har vore eit tydeleg ønskje frå førre styret om å gjere Fagskulen Vestland meir synleg. Ein del av dette arbeidet har vore å utvikle eigen logo og visuell profil som skil seg frå Vestland fylkeskommune si profilering. Vi har i 2023 arbeidet med dette og fagskolestyret vedtok i september 2023 den nye visuelle profilen og ny logo. Rektor har i heile prosessen vore tydeleg på at val av profilering som skil seg frå Vestland fylkeskommune kan vere kontroversielt, og bør handsamast politisk. Rektor er einig i at Fagskulen Vestland treng å skilje seg frå dei vidaregåande skulane og syner til at både Fagskolen i Viken og Fagskolen i Rogaland har eigne profilar og logoar. Fagskulen Vestland er i ein konkurransesituasjon med andre fagskular både lokalt og nasjonalt, og noko av utfordringa med å kle seg i same drakta som ein vidaregåande skule er at vi vert assosiert med dei. Det kjem såleis på ingen måte fram at fagskulen er høgare yrkesfagleg utdanning.

Men rektor vil understreke at ein skal vere stolt av å arbeide i Vestland fylkeskommune og at å ha dei med på laget om å utvikle Fagskulen Vestland er viktig. Slik som saka no står så kan det tolkast at vi ikkje er det. Rektor vil anbefale at saka vert fremja politisk og at Fylkestinget avgjer dette.

Vi held fram med marknadsføring av tilboda våre og har utvikla ein medieplattform for korleis vi skal bli betre i vår kommunikasjon framover. Vi treng å bli meir synleg! Det kan nemnast at både Fagskolen i Viken og Fagskolen Innlandet er inne i det som bør vere Fagskulen Vestland si marknad, og tilbyr utdanningar i Vestland. Fagskolen i Viken bruker om lag 10 mill. i året på marknadsføring og vi ser at det verkar.

6.2. Arbeidstidsavtalar og Økonomi.

Ved samanslåing av Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland blei det satt i gang eit arbeid med ein harmonisering av både avtale som institusjonane hadde med studentane og arbeidsrammer som institusjonane hadde avtalt med lærarar, kjent som SFS 2213. Det er stor einigheit at SFS 2213 (som er ein avtale som regulerer arbeidstida i

grunnutdanning) ikkje er formålstenleg for fagskulesektoren. Problemstillingar kring dette har vorte løfta til KS der fleire fylkeskommunar har tatt til ordet for ei ny arbeidstidsregulering og at KS bør ta på seg oppgåva. Styret for Fagskulen Vestland vedtok eit nytt undervisningstimetal til utdanningane våre i desember 2022. Det nye undervisningstimetalet vart for hovudtyngda av studiestadane ved fagskulen redusert med om lag 30% frå 1330 til maks 990. For ein av studiestadene vart undervisningstimetalet auka med om lag 10% frå 915 til 990 timar. Iverksetting av vedtaket vart sett til hausten 2023 og det vart i saka peika på at ein ny arbeidstidsavtale med utgangspunkt i det nye undervisningstalet måtte vere på plass i god tid før hausten, slik at Fagskulen Vestland kunne starte planlegginga. Den 18 mai blei det klart at den administrative skuleeigar ikkje hadde komen i hamn med drøftingar og forhandlingar, og rektor vart beden om å ta utgangspunkt i eksisterande avtalar og foreta ein justering innafor denne. Det vart utarbeidd ein felles avtale for heile skulen med dette som utgangspunkt. Årsramma vart justert noko og ein landa på 600 timar i årsramme for ein klasse i normalområdet 11-30 studentar. I det opphovelege utkastet frå eigar var denne ramma lagt til 620 timar. Dette satt fagskulen i ein nærast umogeleg situasjon der vi blei sett til å handtere noko som vi i utgangspunktet hadde bedt eigar om å ta hand om. Det er slik av og til at samarbeidstilhøva mellom tillitsvalde og leiing ikkje fungerer og våren 2022 vart dette på eit lågmål. Organisasjonen opplevde ein særskilt krevjande situasjon som gjekk utover helse. Min avgjerd var å be administrativ eigar om hjelp til å løyse dette, og saka blei løfta ut av Fagskulen Vestland, men kom altså tilbake om lag eit år etter. Det vart også etter kvart stilt spørsmål om styrevedtaket var lovleg noko som igjen førde til speulasjonar.

Dersom ein beheld same årsramma som ein hadde før reduksjonen i studenttimetal opplevde og meinte organisasjonane at ein då måtte arbeide 30% meir enn før reduksjonen.

Organisasjonane ønskte eit årsverk målt i studiepoengproduksjon og då i utgangspunktet behalde 30 stp. Pr. lærar slik at det vart 2 lærarar pr. klasse. Eigar meinte at årsramma skulle vere utgangspunkt, difor stogga ting opp 18 mai 2023.

Slik det var før samanslåinga så produserte ein lærar ved studiestad Førde 50 stp. i året, ved resten av studiestadene var situasjonen i underkant av 30 stp.

I Førde har dei nye endringane leia til at ein lærar i dag produserer 40 stp., medan det ved resten av studiestadane er noko auka, men ikkje tilsvarande. Dette betyr at Fagskulen Vestland har auka bemanninga ved studiestad Førde som følgje av endringane, men det har ikkje blitt gjort tilsvarande reduksjon av bemanninga ved dei øvre studiestadane. Auken i tilsetningar utan auke i inntekter gjer dårleg utslag på botnlina.

6.2.1 Inntekter

Fagskulen sin hovudinntektskjelde finn vi att i årleg statsbudsjett knytt til løyvingar om nye studieplassar. Det er fylkeskommunane som får dei nye studieplassane, og så fordel dei tilskot til dei fagskulane som har søkt fylkeskommunen. Fagskulen Vestland har fleire konkurrentar om desse midlane. I 2022 fekk Vestland fylkeskommune 60 nye studieplassar, Fagskulen Vestland fekk om lag 30 av desse. I statsbudsjettet for 2024 er det også løyvd 500 nye plassar til fagskulesektoren, same nivå som i 2023, og det er å forventa at opptrappinga held fram.

I tillegg har også Fagskulen Vestland inntekter knytt til kursverksemd, som i hovudsak er lokalisert ved studiestad Nygård og er knytt til petroleumsnæringa. Potensialet for kursinntekter er stort. Næringa har behov for kurs, og dei betalar godt. Fagskulen sitt simulatoranlegg er blant dei beste i Norden, og vi har jamt og trutt utvikla anlegget. Vi kunne gjennomført langt fleire kurs, men dette er krevjande innimellom hovudproduksjonen vår som er studentar i utdanning.

6.2.2 Kva er studentvekst?

Grovt sett kan vekst i studenttal anten vere at du fyller opp tilbod ein har gåande eks aukar frå 17 studentar i eit tilbod til 25. Då utnyttar vi ressursane våre betre. Ein slik auke vil gi fagskulen ei ekstra inntekt på om lag 150 tusen litt avhengig av kva type studium dette er, men blir det produsert 60 stp. av kvar ekstra student så vert inntekta vår auka med 150

tusen. Denne finansieringa ligg to år på etterskot basert på rapportering av tal studentar fullført og bestått.

Når fagskulen startar nye tilbod eller utvidar eksisterande tilbod er vi avhengig av finansiering gjennom nye studieplassar. I dag er ein slik plass berekna å koste 80 000 uavhengig av studietilbod.

Denne omlegginga fant sted i 2016, då ein gikk frå ein stykkprisfinansiering etter teljing kvar haust, til ein rammefinansiering kombinert med stykkpris på nye studieplassar.

Tabellen under syner utviklinga av dei to fagskulane frå 2016-2021.

Tabell: 3 Studentvekst og nye studieplassar 2016-2021 Heiltidsekvivalentar

Fagskole	Student	Student	Auke	Finansierte plassar
	2016	2021	16-21	2016-2020
Fagskulen i Sogn og Fjordane	153	310	157	22
Fagskolen i Hordland	935	992	57	70

Kjelde: DBH

Som vi ser av tabellen så hadde Fagskulen i Sogn og Fjordane ein vekst godt utover tal tildelte studieplassar. Noko kan forklarast med auka oppfylingsgrad men det blei også i denne perioden starta nye tilbod (BIM, Handverksysting, Bygningssakkunnig, Mjølkerobot) Desse tilboda er godt forankra i behovet i arbeidslivet og dei er populære studiar blant studentane. Forenkla kan vi si at dersom veksten i Sogn og Fjordane er 50% nytt og 50% oppfylling så utgjør det om lag en vekst på 5,5 mill. som ikkje er finansiert.

Fagskolen Hordaland erfarte ein for høg styringsfart våren 2020 og gjekk med 7 millionar i meirforbruk. Og det vart vedtatt av fagskolestyret våren 2020 å ta ned nokre utdanningar. Dette forklarar noko av den relativt sett lave veksten frå 2016-2021.

Fagskulen Vestland held fram veksten i både 2022 og i 2023, og det er i tråd både med nasjonale og regionale forventningar. Men når veksten kjem i form av nye utdanningar eller ekstra klassar i allereie eksisterande utdanningar så må det framover sikrast at dette er finansiert anten gjennom eit aktivt eigarskap (fylkeskommunen) eller nye studieplassar gitt gjennom statsbudsjettet, elles så må fagskulen vri tilboda sine og det betyr å leggje ned noko for å bygge opp noko anna. Det er slik UH sektoren elles arbeidar. Når vi er blitt ein stor fagskule har vi større moglegheiter til å gjere slike grep ved dei store studiestadene. Dette er stordriftsfordelar, og det er mogelege å flytte nye studieplassar frå ein stad til ein anna og støtte opp der fagskulen har vekst.

Dette er overordna og forenkla tal og vi har fleire stader hatt store svingingar. Særleg har vi t.d. sett store utslag på petroleumsutdanninga ved studiestad Nygård, den er meir enn halvert frå 2016. Noko skuldast den store nedskalering som kom i bransjen i 2015/2016 og noko skuldast samfunnet sitt syn på denne type verksemd. I 2022 hadde vi fleire søkjarar til osteproduksjon enn petroleumsproduksjon.

6.3 Kvalitetsutvikling ved Fagskulen Vestland

Fagskulen Vestland er som den største maritime fagskulen i landet revidert ved jamne mellomrom frå DNV – Sjøfartsdirektoratet og eigne interne revisjonar. Grunnlaget for å drive desse sertifikatgjevande utdanningane finn ein i standaren knytt til «Martime training provider» siste versjon i frå 2017. Når det gjeld dei øvre utdanningane ved Fagskulen Vestland er ikkje desse underlagt same krav. Fagskulen Vestland har likevel valt å ha eit kvalitetssystem som tek utgangspunkt i denne standaren, og har i gong eit arbeid med å verte ISO sertifisert etter ein gitt standar knytt til utdanning. Denne er ikkje ulik MTP, men er meir omfattande.

Dette er eit prosjekt som involverer åtte andre fagskular og der ein gjennom tett samarbeid utviklar eit felles kvalitetssikringssystem for alle skulane. Prosjektet har fleire gongar søkt HK-DIR om midlar men fått avslag grunna at midlane det søkjast om definerast som drift og ikkje utvikling.

I samband med arbeidet i prosjektet vart det klart for rektor våren 2023 at Fagskulen Vestland ikkje hadde ein tydeleg kvalitetspolitikk og ikkje hadde tydeleg og målbare resultatmål. Dette vart seinare også påpeika gjennom revisjonar hausten 2023. Rektor er delvis einig i dette, Fagskulen Vestland har desse tinga men i litt forskjellige dokument. Fagskulen har spissa opp resultatmåla i strategien kva vi ønskjer å oppnå og har definert nokre klare KPI-ar slik at vi kan måle og sjekke av i forkant av utarbeiding av ny strategi.

6.3.1 Resultatmål 2023-2027

Fagskulen Vestland med sine mange studiar og studiestadar er veldig forskjellig sett saman. Ulike delar av skulen handterer forskjellige studentgrupper og eit forskjellig arbeidsliv. Det er ei utfordring å utarbeida noko som er så generelt at det treff alle, samtidig som det også skal målast. Vi har hatt ein stor og involverande prosess med strategiarbeid og satsingsområde. Når det gjeld utarbeiding av KPI-ar er dette i hovudsak rektor sitt ansvar. I strategien har vi sagt noko om kva og kor vi ønskjer å vere i 2027, men vi har ikkje satt inn måltal for dette. Det følgjer her:

Fagskulen Vestland skal:

- A) Arbeide for vidare studentvekst i heile regionen og på fleire stader enn i dag, og utfordre oss sjølve på måten å organisere utdanningane på for å sikre fleksibilitet for studentar og arbeidsliv.**

KPI 1: Ved utgangen av strategiperioden skal Fagskulen Vestland ha minst to nye fagområdefullmaktar.

KPI 2: Ved utgangen av strategiperioden skal tal studentar ved Fagskulen Vestland ha auka med 20%.

KPI 3: Ved utgangen av strategiperioda skal Fagskulen Vestland ha utvikla minst ti nye utdanningar som er fleksibelt organisert tilpassa studentane og arbeidslivet sitt behov.

- A) vere ein trygg og god partner for arbeidslivet og samarbeide enda tettare om å utvikle utdanningar som styrkar arbeidskrafta, berekraft og grøen omstilling i regionen.**

KPI 4: Ved utgangane av strategiperioden skal alle utdanningar ha eit strukturert samarbeid med aktuelt/ relevant arbeidsliv. Det skal haldast minimum to møter i året.

KPI 5: Ved utgangen av strategiperioden skal Fagskulen Vestland ha utvikla minst tre utdanningar som har fokus på grøen omstilling og berekraft.

- B) styrke kvaliteten i undervisninga med fleire dyktige lærarar og nye undervisningsmetodar.**

KPI 6: Ved utgangen av strategiperioden skal Fagskulen Vestland ha minst 70% av læraren som har nettpedagogisk kompetanse på minimum 30 stp.

- C) vidareutvikle læringsmiljøet for studentane ved dei fleksible tilboda.**

KPI 7: Ved utgangen av strategiperioden skal det saman med lokalt arbeidsliv, kommunar og næringshagar vere etablert minst fem nye studiestover/utdanningshubar.

- D) vere meir synleg for samfunnet med ein heilskapleg profil og aktiv deltaking i det offentlege ordskipet**

KPI 8: Ved utgangen av strategiperioden skal ny logo og visuell profil vere ferdig og Fagskulen Vestland skal ha ein tydeleg medieplattform for kommunikasjon.

Med disse åtte KPI-ane er strategien for Fagskolen Vestland meir målbar enn den var ved vedtakstidspunktet desember 2022.

Desse punkta skal følgjast opp med KPI-er kvart år som skal vedtakast av styret gjennom kvalitetsmeldinga. Desse punkta vil bli revidert og rapportert gjennom kvalitetsmeldinga i 2024.

Forslag til vedtak av KPI-er i 2024:

1. Auke søkjartala med 5 %
2. Auke oppfyltingsgraden i eksisterande tilbod med 10 %
3. Strukturert og systematisk samarbeid med relevant arbeidsliv ved alle utdanningar
4. Utvikle minst ei utdanning innan grøn omstilling
5. Undervisning, yrkesrelevans og vurderingsformer i studiebarometeret skal ha ein skåre på fire i studiebarometeret
6. Overordna tilfredsheit med Fagskolen Vestland skal ha ein score på 4 i Studiebarometeret
7. Auka trafikken på heimesida vår med 20%
8. Oppnå ein svarprosent på minimum 60% i studiebarometeret

Gjennom denne endringa meiner Rektor at Styret for Fagskolen Vestland i større grad kan følgje med på utvikling over tid og alle desse punkta kan alle ved Fagskolen Vestland lese seg inn i og ta eigarskap til.